

## SPØRSMÅL OG SVAR OM INNSENDING AV VERJEREKNESKAP

- **Kva er saksid?** Saksid er vår saksreferanse, og står i alle utgåande brev under «Vår ref.».
- **Kan delvis/ufullstendig rekneskap sendast inn via Altinn?** Svaret er nei; løysinga er basert på innsending av komplett årleg verjerekneskap. Du må vente til skattemeldinga ligg føre for å sende inn alle dokument samla.

Unntaket er når verjemålet blir avslutta i løpet av året, då er det kun krav om at du sender fullstendighetserklæring og kontoutskrifter.

Vi tilrår innlogging på Altinn via [www.vergemal.no/vergeregnskap](http://www.vergemal.no/vergeregnskap).

- **Kan verjerekneskap sendast elektronisk via «Melding til Statsforvaltaren/verjemål»?** Svaret er ja, men vi ser helst at du nyttar Altinn ved innsending av verjerekneskap. «Melding til Statsforvaltaren» og «Melding til verjemål» kan gjerne nyttast ved alle andre tilfelle der du ønskjer kontakt med oss. «Melding til Statsforvaltaren/verjemål» finner du på vår nettside [www.statsforvalteren.no/vestland](http://www.statsforvalteren.no/vestland).
- **Kva krav stiller Skatteetaten til dokumentasjon i samband med krav om frådrag for godtgjering/utgiftsdekning verjehavar har dekkja?** Skatteetaten har opplyst følgjande; «Om du har ført opp utgifter som overstiger 10 000 kroner på årsbasis, må du ha betalt via bank for at summen skal være fradragsberettiget. Du trenger ikke sende oss dokumentasjon på dette, men du må kunne legge fram dokumentasjon hvis vi spør». Vi minner om at det er utgifter som faktisk er belasta verjehavar i rekneskapsåret som skal først som frådrag.
- **Kan eg byrje arbeidet med innsending av verjerekneskap via Altinn før all dokumentasjon ligg føre?** Det går fint an å byrje arbeidet. Du kan til dømes legge inn årsoppgåver og kontoutskrifter, og setje saka på vent. Når skattemelding er komen, kan du legge denne til, og så sende alt samla inn til oss.

Spørsmålet er om det er noko tidsavgrensing på kor lenge eit slikt påbegynt dokument kan ligge før det «forsvinn»? Brønnøysundregistera har gitt oss følgjande informasjon; «Utfylling på alle skjemaene i Altinn blir mellomlagret inntil nytt tillegg eller endring foretas uavhengig av tid».

- **Har verje tilgang til verjehavar sin skattemelding?** Verje har ikkje tilgang til innhaldet i verjehavar sin Altinn-postkasse. Dette som følgje av at det kun er eigaren av postkassen som skal ha tilgang. Som hovudregel skjer kommunikasjonen med Skatteetaten elektronisk, men verjehavar kan reservere seg mot kommunikasjon på nett. Dette kan verjehavar gjere ved å gå inn på [www.norge.no](http://www.norge.no).
- **Er det rekneskapsplikt på verjehavar sin eigen brukskonto?** Dersom verje disponerer brukskontoen til verjehavar, går denne inn i det ordinære verjerekneskapet. Vi rår verje til å skrive ein kommentar/merknad i pkt. 5.11 i fullstendighetserklæringa, dersom verjehavar har ein eller fleire kontoar verje ikkje disponerer, men kanskje kun har rett til innsyn i.
- **Er kontoen til verjehavar i institusjon underlagt revisjon?** Ja, den er underlagt revisjon. Dersom institusjonen har fatta vedtak om disponering av kontantyttinga, er kontoen

underlagt institusjonen sin revisjon, men verje pliktar å gå gjennom dette, sjå pkt. 5.6 i fullstendigheitserklæringa. Dersom verje disponerer over kontoen, inngår denne i det ordinære verjerekneskapet.

- **Kva er det behov for av vedlegg/kvitteringar?** Verje skal oppbevare alle kvitteringar og vedlegg i minst 3 år – og desse skal ikkje sendast til Statsforvaltaren, med mindre vi etterspør dei.
- **Skal det sendast inn årsoppgåver frå NAV og andre private og offentlege pensjonskassar?** Nei, det er ikkje nødvendig – opplysningane vil kome fram i skattemeldinga.

**Sjå elles brukarretteiing for elektronisk innsending av verjerekneskap og anna til Statsforvaltaren – [www.vergemal.no/vergeregnskap](http://www.vergemal.no/vergeregnskap)**